



**Endring av Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Bjørnafjorden
kommune
August 2026 - etter høyring**

Saksbehandlar:
Kiara Lea Plätzer

Arkivsaksnr.:
26/4695

JournalpostID:
26/76679

Saksnr:	Utval:	Dato:
99/2026	Bjørnafjorden formannskap	03.09.2026
84/2026	Bjørnafjorden kommunestyre	17.09.2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar "Forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr for Bjørnafjorden kommune", og forskrifta trer i kraft 1.oktober 2026.
2. Foreslåtte endringar knytt til berekningsgrunnlag for årlege abonnementsgebyr kan ikkje få tilbakevirkande kraft, og trer i kraft frå 1.januar 2027, samstundes som nytt gebyrregulativ.

Bjørnafjorden, den 10.08.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Vedlegg:

Møteprotokoll - Bjørnafjorden formannskap - 04.06.2026

Endring av Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Bjørnafjorden kommune - juni 2026

Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Bjørnafjorden kommune - 2026

Samandrag:

Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Bjørnafjorden kommune vart lagt på høyring den 25.06.26 etter vedtak frå Bjørnafjorden formannskap 04.06.26 (saknr. 70/2026). Høyringsfristen gjekk ut fredag 07.08.26. Forskrifta har ikkje fått nokre høyringsinnspel og sendast difor til ny runde med politisk handsaming i tråd med det som vart vedteke i Formannskapet i juni.

Samandrag frå den opprinnelege saka

I samband med praktiseringa av forskrifta er det identifisert fleire behov for språklege presiseringar, samt enkelte endringar for å sikre ein meir forutseieleg, rettferdig og einsarta praktisering av handsaming av vass- og avløpsgebyr.

I februar 2025 fekk kommunedirektøren i tillegg i oppgåve frå kommunestyret å sjå på berekningsgrunnlaget for tilknytingsgebyr, og utgreie om det er mogleg å trekke i frå parkeringsareal/garasjeanlegg frå berekninga (saksnummer 13/2025). Det blei òg stilt spørsmål om moglegheitene for ein reduksjon i nivået på tilknytingsgebyret på 10%. Etter vedtak frå kommunestyret frå 8.5.2026 er det no fastsett at begge endringane skal vere gjeldande. Det utløyser eit behov for innhaldsmessig revisjon av gjeldande gebyrforskrift for vass- og avløpsgebyr i Bjørnafjorden kommune. I tillegg til dette har kommunedirektøren identifisert ytterlegare to behov for endringar/presiseringar i forskrifta utover dei reint språklege endringane:

1. Det må fastsetjast i forskrift at vassmålarar skal installerast frostfritt og at abonnentene blir ansvarlege for målararen frå installasjonstidspunktet.
2. Grunnlaget for antall årsgebyr endrast frå antall bruks-/bueiningar registrerte i matrikkelen, til kode for byggtipe registrert i matrikkelen.

Samstundes trådde det i kraft ny vass- og avløpsanleggslov 1.januar 2026. Når ein først skal revidere forskrifta innhaldsmessig, er det naturleg at ein òg får med dei formelle endringane knytt til heimelsgrunnlag etter ny lov. Utover dette vurderast dei administrative konsekvensar som begrensa, og endringane antas å kunne redusere behovet for skjønsmessige vurderingar og klagesaker. Jevnt over gjev forskrifta no økt forutbereknlegheit og tilfredsstillar likehandsamingsprinsippet betre

Konsekvensar av saka/vedtaket:Økonomi

Kommunen sitt totale inntektsnivå endrast ikkje betydeleg, men gebyrgrunnlaget blir meir korrekt og i tråd med sjølvkostprinsippet. Fjerninga av areal for parkering ved fakturering av tilknytingsgebyr vil over tid føre med seg at det blir noko dyrare for private abonnentar. Nokre abonnenter vil få endra antall årlege abonnementsgebyr som følge av ny berekningsmåte, men samla sett vurderast endringa ikkje å gje vesentlege økonomiske konsekvensar for kommunen, då dette regulerast i gebyrregulativet frå og med 2027.

Klima

Endringane påverkar ikkje klima direkte, men tydelegare gebyrstruktur kan bidra til meir bevisst vassbruk og dermed lågare ressursforbruk, som igjen gjev betre klimaavtrykk.

Folkehelse

Krav om frostfri installasjon av vassmålarar reduserer risiko for driftsavbrudd og sikrar tryggare (og korrekt) vassforsyning.

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka

Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Bjørnafjorden kommune er heimla i forskrift 1.juni 2004 nr. 931 om avgrensing og forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 jf. lov 16.mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova) § 5 jf. § 4, med tilføyd heimel i Lov 6.juni 2025 nr. 26 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova) § 19. Formålet med forskrifta, jf. § 1:

"Abonnentane i kommunen betaler for vass- og/eller avløpstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter og av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar.

Vass- og avløpsgebyr sikrar finansiering av utbygging, drift og vedlikehald av kommunen sine vass- og avløpsanlegg, og skal gi ei best mogleg fordeling av kostnadane blant brukarane.

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon av abonnent under [§ 2](#).

Forskrifta fastset utrekninga og innbetaling av dei gebyra abonnentane skal betale for vass- og avløpstenestene kommunen leverer."

I samband med praktiseringa av forskrifta er det identifisert fleire behov for språklege presiseringar, samt enkelte endringar for å sikre ein meir forutseieleg, rettferdig og einsarta praktisering av handsaming av vass- og avløpsgebyr.

I februar 2025 fekk kommunedirektøren i tillegg i oppgåve frå kommunestyret å sjå på berekningsgrunnlaget for tilknytingsgebyr, og utgreie om det er mogleg å trekke i frå parkeringsareal/garasjeanlegg frå berekninga (saksnummer 13/2025 i kommunestyret sitt møte 13.02.25):

"Bjørnafjorden kommune har tradisjon for eit relativt høgt tilknytingsgebyr versus årsgebyr for vass- og avlaupstenestene. Forskjellane i tilknytingsgebyr er også relativt stor innbyrdes mellom kommunane i Bergensregionen, og dette kan i ytste konsekvens påverka Bjørnafjorden si konkurransekraft i høve dei andre kommunane. Kommunestyret ber difor kommunedirektøren om å greia ut tiltak for å motverka dette, herunder;

- *Justering av berekna bruksareal (BRA), der fellesareal som innandørs garasjeanlegg vert trekt ut av berekningsgrunnlaget – mogeleg forskriftsendring*
- *Forfallstidspunkt for tilknytingsgebyr – mogeleg forskriftsendring*

Utgreiinga kan også sjå på konsekvensar av å justera tilhøvet mellom tilknytning- og årsgebyr, men dette er evt. noko som må vurderast i dei ordinære budsjettprosessane."

Etter vedtak frå kommunestyret frå 8.5.2026 er det no fastsett at dei to forespurde endringane skal vere gjeldande (saksnummer 44/2026). Det utløyser eit behov for innhaldsmessig revisjon av gjeldande gebyrforskrift for vass- og avløpsgebyr i Bjørnafjorden

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

kommune. Det har i mellomtiden òg vore vurdert, og vedteke, ein reduksjon i nivået på tilknytingsgebyret på 10%, men dette er regulert i det årlege gebyrregulativet som er tilknytt budsjettprosessane seinare i år. Satsane for gebyr føl ikkje direkte frå forskriften, og kjem utanfor dette arbeidet.

I tillegg til det som følgjer av vedtaket frå kommunestyret, har kommunedirektøren identifisert behov for ytterlegare to endringar/presiseringar i forskrifta utover dei reint språklege endringane:

1. Det må fastsetjast i forskrift av vassmålarar skal installerast frostfritt og at abonnentene blir ansvarlege for målarer frå installasjonstidspunktet.
2. Grunnlaget for antall årsgebyr endrast frå antall bruks-/bueiningar registrerte i matrikkelen, til kode for byggtipe registrert i matrikkelen.

Heimelsgrunnlag

Samstundes trådde det i kraft ny vass- og avløpsanleggslov 1.januar 2026. Når ein først skal revidere forskrifta innhaldsmessig, er det naturleg at ein òg får med dei formelle endringane knytt til heimelsgrunnlag etter ny lov. Utover dette vurderast dei administrative konsekvensar som begrensa, og endringane antas å kunne redusere behovet for skjønsmessige vurderingar og klagesaker. Jevnt over gjev forskrifta no økt forutbereknlegheit og tilfredsstillar likehandsamingsprinsippet betre.

Høyring

Forskrifta har vore på høyring i tidsperioden 25.06.26 t.o.m. 07.08.26, utan innspel.

Endringar

1. Tilpassing til ny lov

Forskriften må oppdaterast slik at heimler samsvarer med nytt lovverk. Endringa er av rein formell karakter.

2. Parkeringsareal holdast utanfor berekningsgrunnlaget for tilknytingsgebyr

På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak frå 8.5.26 (saksnummer 44/2026) endrast difor det fastsette berekningsgrunnlaget i § 6 i forskrifta **frå**:

- Eingongsgebyret for bustadeigedomar og næringsseigedomar skal betalast etter bruksareal.

...til:

- Eingongsgebyret for bustadeigedomar og næringsseigedomar bereknast ut frå bruksareal (BRA).
 - Parkeringsareal skal ikkje inngå i berekningsgrunnlaget for tilknytingsgebyr. Både sjølvstendige garasjeanlegg utan tilknytning til bygg og parkeringskjellalar, som er registrert som garasje i matrikkelen, er omfatta av unntaket.

Økonomiske konsekvensar knytt til dette har vore utgreidd i saka om nivå for tilknytningsgebyr i kommunestyresak 41/2026:

"Dersom tilkoplingsgebyret vert redusert gjennom endringar i gebyrgrunnlaget (til dømes ved å trekke ut parkeringsareal), vil dette kunne redusere inntektsgrunnlaget frå nye tilkoplingar. Over tid må slike endringar handterast innanfor sjølvkostområdet."

Sjå ellers saksframlegg for sak 44/2026 i kommunestyremøtet 8.5.2026 for heile konsekvensutgreiinga. Den foreslåtte endringa tilfredsstillar etter kommunedirektøren sitt syn kommunestyrevedtaket frå 8.5.26.

3. Forfallstidspunkt for tilknytingsgebyr

Tidspunkt for utfakturering av tilknytingsgebyr er allereie fastsett i gjeldande forskrift, jf. § 6 kulepunkt 3: "For nybygg blir faktura sendt ut ved godkjent igangsettingsløyve (IG) etter sats i gjeldande gebyrregulativ på tidspunktet for godkjenning."

I samsvar med kommunestyret sitt ønske til utgreiing er det lagt til ei presisering av dette kravet: "Betalinga må ha funne stad når/før den faktiske tilkoplinga skjer."

4. Krav om frostfri installasjon av vassmålar og elles om eigarforhold, vedlikehald og kostnader

Det har tidlegare, og særleg etter førre, kalde vinter, vore utfordringar knytt til at veldig mange av våre vassmålalarar må skiftast ut som følge av at dei ikkje er installert frostfritt, og i samband med kulde blir øydelagt. På grunn av manglande presisering av ansvar knytt til vassmålalarane har denne kostnaden havna hos kommunen. Bestemmelsane knytt til vassmålar i forskrifta er difor revidert betydeleg. Det er lagt til følgande:

- "Vassmålalarar skal installerast frostfritt og i tråd med øvrige tekniske krav."
- Abonnenten skal i tillegg til å føre tilsyn med målararen, vere "ansvarleg for vedlikehald og skydd mot frost og skade."
- I dei tilfella der målararen blir borte eller skadd, skal kommunen "[...] då stipulere vassmengda ved skjønn. Dersom skaden skyldast aktlause eller andre forhold som abonnenten kan haldast ansvarleg for, skal målararen erstattast av abonnenten."
 - Eksempel: når abonnenten ikkje har sørga for frostfri installasjon.
- "Utskifting av målararen kostast av kommunen. Dersom behovet for utskifting skyldast forhold abonnenten har ansvar for, kostar abonnenten utskiftinga. Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering, jf. andre ledd. Abonnenten kostar slik flytting. Montert vassmålar skal ikkje fjernast utan at kommunen har gjeve samtykke. Plombert målar skal berre opnast av personell frå kommunen eller den som kommunen gjev myndigheit. Er ein plombert målar brote, vil kommunen stipulere vassmengda for heile perioden ved skjønn."

Vidare knytt til sjølve bruken av målararen er det lagt til ei kort presisering om korleis kontroll og synfaring av målarane skal utførast etter nye krav frå Justervesenet:

- "Kontrollen skal skje med måleutstyr og prosedyrar for måling slik det er krav om frå Justervesenet."

5. Endring i berekningsgrunnlag knytt til årleg abonnementsgebyr for eineboliger med utleigedel

Det foreslåast å endre korleis antall abonnementsgebyr (ikkje forbruksgebyr!) fastsetjast for eigedommer, særleg dei med utleigedel. I dag er berekninga knytt til antall bruks- eller bueiningar registrert i matrikkelen. Då vedtak etter plan- og bygningslova og føringsinstruksen for matrikkelføringa ikkje nødvendigvis alltid samsvarar, skapar det forvirring blant innbyggjarane, og det har i fleire år vore ei utfordring for administrasjonen med henvendingar knytt til dette, særleg av hensyn til likehandsamingsprinsippet då reglane ikkje er eintydige på tvers av lovverket.

Kommunedirektøren føreslår difor å endre berekningsgrunnlaget for antall årlege abonnementsgebyr til å i staden for baserast på registrert byggtipe i matrikkelen, jf.

Bygningstipe / Matrikkelen 2000 (NS 3457). Byggtipe-kodane stemmer meir overens på tvers av lovverka og er eit langt enklare og meir ukomplisert faktum for berekninga av antall årsgebyr.

Konsekvensen av endringa er at

- Eneboligar (kode 111) og eneboligar med godkjend utleigedel (kode 112) reknast som **eitt** abonnement uavhengig av antall bruks- eller bueiningar registrert i

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

matrikkelen. Dette er i samsvar med plan- og bygningslova som stiller krav til at boligen utad fortsatt skal sjå ut som ein, uavhengig av om det er ein hybel eller sokkelleilighet i bustaden.

- Dersom boligen er seksjonert (eigarseksjonar) skal ein berekne antall årlege abonnementsgebyr i samsvar med antall seksjonar.

Øvrige boliger som ikkje er registrerte som "11-Enebolig"-bygg etter NS 3457, vil fakturerast som før, då det tydeleg går fram av desse byggtipe-kodane at det ligg føre fleire einingar.

I samband med endringa leggst det til eige definisjon av "byggtipe" og "seksjonert bygg" under § 2. *Definisjonar*:

"Byggtipe: Klassifisering av bygning basert på bygninga sin hovudfunksjon og bruk, slik den er registrert i matrikkelen etter NS 3457, for eksempel einebolig, tomannsbolig, rekkehus, bustadblokk eller næringsbygg etter NS 3457."

"Seksjonert bygg: Bygning som er delt opp i eigarseksjonar i samsvar av eigarseksjonslova, og som i matrikkelen er registrert med ein eller fleire seksjonar med eigne seksjonsnummer."

§ 8 om abonnementsgebyr endrast **frå:**

"Betalt av andre abonnentar (bustader og fritidsbustader). Betaling per bueining."

...til:

"Betalt av andre abonnentar (bustader og fritidsbustader). Betaling basert på registrert byggtipe i matrikkelen. For seksjonerte bygg bereknast abonnementsgebyr per seksjon, uavhengig av registrert byggtipe."

Formålet med endringa er å skape ein meir oversiktleg, forutseieleg og einsarta praksis, og samstundes redusere ulik handsaming av boligeigarar i sammenlignbare situasjonar. Endringa vil òg legge til rette for enklare og meir korrekt gebyrfastsetting basert på eintydige matrikelopplysingar som er tilfredsstillande på tvers av lovverka. Endringa vil òg medføre betydeleg effektivitet i arbeidet knytt til berekninga av grunnlaget for dei årlege abonnementsgebyra, samt redusere antall henvendingar som kjem inn til administrasjonen vedrørende denne problemstillinga.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane medfører ikkje justeringar av gebyrsatsar. Nokre abonnentar kan få endra antall årsgebyr knytt til abonnement (ikkje forbruk) som følge av ny berekningsmåte, men samla sett vurderast ikkje endringa å gje vesentlege økonomiske konsekvensar for kommunen då dette vil justere seg og fordelast på innbyggjarane for øvrig, slik at kommunen sit med same inntjening, jf. sjølvkostprinsippet.

Administrative konsekvensar vurderast som begrensa. Særleg endringane knytt til dei årlege abonnementsgebyra vil kunne redusere henvendingar frå frustrerte innbyggjarar og redusere antall klagesakar. Interne arbeidsrutinar og prosedyrar må endrast/tilpassast i tråd med endringane som følgj av forskrifta, når forskrifta er vedteken.

Vurdering: forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtar endringane i forskrift om kommunale gebyr som beskrive her i saksframlegget, og forskrifta trer i kraft 1.oktober 2026.
2. Foreslåtte endringar knytt til berekningsgrunnlag for årlege abonnementsgebyr kan ikkje få tilbakevirkande kraft, og bør difor tre i kraft frå 1.januar 2027 samstundes som nytt gebyrregulativ.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at de føreslegne endringane samla sett er hensiktsmessige og naudsynte. Endringane tydeleggjer ansvarsforhold, bidreg til meir rettferdig gebyrberekning og sikrar samsvar med nytt lovverk. Endringa knytt til abonnementsgebyr for enebustadar med utleigedel inneber ei forenkling og bidreg til likebehandling, samstundes som den byggjer på objektive, meir korrekte og lett tilgjengelege matrikelopplysningar. Som følge av økt forutseielegheit og språkleg klarhet, vil sakshandsaminga og samspelet mellom administrasjonen og innbyggjarane bli meir effektiv og enklare.